

FAU Hafslo barne- og ungdomsskule
FAU Hafslo barnehage
FAU Gamlestova barnehage
6869 Hafslo

3. desember 2020

Luster kommune
6866 Gaupne

Områderegulering - Hafslo sentrum

Innspel og merknader til planprogrammet og planarbeidet

Felles uttale frå FAU ved Hafslo- barne og ungdomsskule, Gamlestova barnehage og Hafslo barnehage

1 Gang- og sykkelvegar

Trafikktryggleiken for elevar og barnehagebarn på Hafslo er ein viktig sak for foreldra sine arbeidsutval. Me har derfor i fellesskap desse punkta om trafikktryggleik.

1.1 Hafslovegen (Nistevegen)

Det bur ein del skule- og barnehageungar langs Hafslovegen (Nistevegen). Dei har ikkje krav på skuleskyss då dei ikkje bur langt nok vekke. Sjølv om ein har fått lys er skulevegen likevel i same køyrebane som bilane. Dette er ikkje trygt, det er opp til fleire farlege svingar og smale områder der. Dette er ikkje ein trygg skuleveg.

I tillegg nyttar skulen idrettsanlegget i Moane til idrettsdagar og stafettar (td. Tine stafett).

Ein har også gymtimar for ungdomsskulen der ute. Fiområda rundt idrettsbanene er mykje nytta i undervisninga til orientering og friluftsliv for mellomsteg og ungdomsskule, og til turdagar til småskuletrinna. Den nye læreplan legg vekt på at ein fortset og gjerne legg meir vekt på denne type undervisning. Når me brukar området syklar elevane alltid til Moane, og ofte går ein gjerne vidare gjennom skogen og vidare fram til Straumane. Dette området er fantastisk flott og svært eigna til alle aldersgrupper.

Siste åra har trafikken langs Hafslovegen (Nistevegen) auka. På Veitastrond har dei positiv utvikling blant unge nyetablerarar. Det er flott, og dette påverkar sjølvsgart trafikken her. Den nye Tunkestølshytta er ferdig, og vil sannsynlegvis bli mykje besøkt. Dette vil og auke trafikken på Hafslovegen (Nistevegen).

Sikkerheita til ungane våre når dei syklar til Moane er viktig og må bli teken på alvor. Me vil derfor at ein gang og sykkelsti langs Hafslovegen (Nistevegen) må komme inn i denne planen.

1.2 Krekavegen – sentrum

Ulike instansar, inkludert FAU ved Hafslo barne- og ungdomsskule, har gjennom mange år sendt innspel om farleg skuleveg, dette gjeld spesielt to farlege kryssingar av fylkesveg 337 . Kryssing av fylkesvegen ved avkjørsle til Krekavegen, ved Nyland, er farleg og har eit veldig uoversiktleg trafikkbilete. Det er ein slakk svingbue, kryssingspunktet er på ein lang-stigande bakketopp, brøyttekantane er gjerne inntil 2 meter høge, snø vert lagra rett ved krysset, fartsgrensa er 60 km./t. og trafikken er størst ved skulestart- og slutt. Det er montert ekstra lyskjelder ved kryssingspunktet, noko som er veldig bra for kryssing i mørknet. Men for små 6-åringar og småskuleborn generelt, er dette langt frå nok. Her må det inn meir og betre tiltak.

Vårt forslag er heva fotgjengar-overgang, til liks med den som er ved kryssingspunkt ved Gamlestova barnehage. I det minste må det kome eit fotgjengarfelt, med skilt som varslar dette. Kanskje har faginstansane andre gode forslag til avbøtande tiltak, uansett, noko meir må gjerast i høve slik situasjonen er i dag.

1.3 Ved Ørbech


Den andre kryssinga av denne vegen er ved gangveg-kryssinga om lag 150 meter nord-vest for Stolpen (ESSO-stasjonen). Der er det bratt austleg nedoverbakke, rett innpå fylkesvegen. Her og må det kome ei mykje tydlegare varsling om kryssingspunkt for menneske.

Denne ligg utanfor grensa for områdeplanen, men ganske tett opp til, samt at denne er relevant opp mot totalitetane, sett i lys av utbygginga i Botn, så er det også nærliggande å tru at det vert fleire som kryssar vegen her i åra som kjem.

1.4 Bakkingavegen – sentrum

Det gjeld krysset i sentrum der Bakkingavegen kjem ned i Hfslovegen (ved Thunebui), vegen vidare opp mot byggjefelta, og korleis situasjonen er der pr. i dag for mjuke trafikkantar. Bakkingavegen har 30 sone frå krysset og opp til avkjørsle mot Klokkestainvegen, som ein byggefelt veg. Her er likevel ofte stor fart, og veldig lett å få større fart enn 30 ned bakken. Mange gassar også godt på oppover. Det er mykje trafikk på vegen, av dette ein del traktorar og lastebilar. Vegen har smale parti, eit uoversiktleg sving parti og har manglande gangsone. Fotgjengarar går og syklar på begge sider. Når ein kjem ned i krysset er det ikkje overgang for fotgjengarar, eller tydeleg kvar ein skal gå. Dersom ein skal krysse Bakkingavegen nedst, så er det via kortaste vegen uoversiktleg med hekk om sommaren og brøyttekant om vinteren. Innsendar bur i nedste del av Bakkingavegen, nært nemnde kryss og har sjølv born som kryssar vegen der. Det har skjedd farlege situasjonar ved kryssing av vegen. Innspel til løysing: Langs vegen burde det vere gangsone liknande vegen ned på Hestnes, eller eige gangfelt. Fartsdemparar vil vere naturleg uansett løysing. Og ikkje minst som ein rask nødløysing fram til gangsone er på plass. Spesielt nedst nær krysset bør det vere fartsdemparar. Ideelt sett burde ein teke att heile krysset og fått ein fotgjengarovergang som var kopla mot ny gangveg i Bakkingavegen. Sett i lys av utbygginga som har vert i området dei siste åra, med småbarnsfamiliarar i dei fleste bustadar, så veit me at mengda born som nyttar denne vegen som skuleveg vert større i framtida. Trafikktrygg skuleveg for Bakkingavegen bør derfor prioriterast i nær framtid. (Sjå oversiktkart på side 3).

Oversiktskart som illustrerer plassering av punkt 1.1 -1.4



1.5 Generelt, kantklypping og snørydding

Dette er eit punkt som kanskje ikkje hører heime direkte inn under områdeplanen, men det men godt vedlikehald året igjennom er vel så viktig som utbygging av nye gangvegar og vegar. Det er ein fordel med generell god kantklypping i område der elevane går. Ved til dømes busstopp på Hestnesfeltet, der er det mykje småbusker som kjem opp nærmre vegen. Det ser heller ikkje så veldig fint ut når småkogen får dominere langs fortaua og vegane. Om vinteren så er det viktig at snørydding vert utført på ein slik måte at ein unngår høge brøytekantner spesielt ved alle busstopp og der elevane må krysse vegen, om det er fotgjengarovergangar eller ikkje.

2 Turstiar og gangvegar

Me ser positivt på ein framtidig gangsti mellom Botn og sentrum langs vatnet. Det vil knytte Botn, Galden og Hestnes tettare på skule- og barnehageområdet i sentrum.

3 Trafikksituasjonen generelt i sentrum

Det må leggast til rette for trygge trafikkforhold knytt til av og påstigning frå privatbil til skulen, barnehagane og SFO. Kollektivtransport til og frå sentrum og til skulen må ha klart definerte av- og påstigningsområde som tek omsyn til born og unge.

4 Trafikale forhold - Gamlestova barnehage i sentrum

Gamlestova barnehage skal etter planen flyttast til sentrum. Me oppfordrar til å omtale trafikale forhold og trafikksikkerheit i samband med dette særskilt i planprogrammet. Det er ikkje gjort i forslaget til planprogram som er lagt ut. Planprogrammet beskriv rett nok eit generelt tema for heile planen – "Vurdering av trafikale forhold, inkludert løysingar for kollektivtrafikk."

Me meiner likevel den nye barnehagen er eit så stor tiltak at det krev særskilt omtale, slik at dei forholda knytte til den nye barnehagen blir tekne i vare.

Å blande fotgjengarar, hovudsakleg born og større biltrafikk ved henting og levering til nye barnehagen er svært uheldig der trafikkfarlege situasjonar lett kan oppstå. Det bør etablerast einvegskøyring i Tangvegen ned forbi Eikum Hotel til den nye barnehagen med ei anna mogelegheit for retur. Eksempelvis retur i området forbi billagstomta gnr/bnr 148/28.

5 Gamlestova barnehage til husmorskulebygget

FAU ved Hafslo barnehage, Hafslo barne- og ungdomsskule og Gamlestova barnehage støttar planane om flytting av Gamlestova barnehage til husmorskulebygget. Mellom anna er det positivt med tanke på at lokaliseringa tett på skulen lettar overgangen mellom barnehage og skule. Og at borna i barnehagealder i dei ulike barnehagane vil lettare kunne bli kjent med kvarandre før skulestart. Me viser elles til at SU og FAU ved Gamlestova barnehage har sendt inn eigen uttale om temaet.

6 Fleirbrukskall

Hafslo IL ønskjer å få realisert ein fleirbrukskall sentralt på Hafslo og i nærleik til skule og barnehage. Og idrettslaget spelte dette inn tidleg i planprosessen. Det er likevel ikkje nemnt i planprogrammet. Me meiner derfor at det er viktig at planprogrammet for Hafslo sentrum har fleirbrukskallen som tema. Gymsalen har ikkje kapasitet til framtidig vekst på Hafslo. Med ein fleirbrukskall vil ein kunne ha betre kapasitet for både skulen og barnehagen. Ein fleirbrukskall er eit anlegg for aktivitet som gir sosiale møtepunkt som er svært viktig for barn og unge på staden.

7 Ungdomsbase, samlingsstad for ungdom

FAU ved Hafslo barne- og ungdomsskule har etter avtale med kommunedirektør Skartun, via ordførar Kvalen, fått løyve til å bruke ein del av det gamle husmorskule-bygget som ungdomsbase, når det eventuelt vert ombygt/rive og oppbygt igjen. Ungdomane på Hafslo treng ein stad å samle seg der vaksne skal vere delansvarlege for drift og orden.

Me ynskjer med dette å få denne avtala mellom FAU ved Hafslo barne og ungdomsskule og kommunedirektøren formelt inn i planane til Luster kommune.

Med helsing

FAU

Gamlestova barnehage

Hafslo barnehage

Hafslo barne- og ungdomsskule